



Statens vegvesen

Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Marianne Skulstad / 55516253

Vår referanse:
17/102353-2

Dykkar referanse:
17/1652 – 17/13900

Vår dato:
12.07.2017

Uttale til dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for frådeling av parsellar til fritidsbustad på Refskar – gnr. 38 bnr. 2 – Meland kommune

Vi viser til oversendt søknad om dispensasjon frå plankrav i kommuneplanens arealdel (KPA) § 2.1.1, for frådeling av 3 parsellar til fritidsbustad på Refskar, gnr. 38 bnr. 2 i Meland kommune.

Tilkomst til området

Ved frådeling av eigedomar er det krav i plan- og bygningsloven (pbl.) § 27-4 at tomten skal vere sikra lovleg tilkomst. Meland kommune ber Statens vegvesen om førehandsvurdering av utvida bruk av eksisterande avkøyring frå fylkesveg 245 – Fosse/Ådland.

Området har i dag tilkomst frå fv. 245 Ådlandsvegen via kommunal veg Refskar og vidare på privat veg. Løyve til avkøyrslø skal difor handsamast av Meland kommune, som vegeigar på den næraste offentlege vegen.

Statens vegvesen vurderer kryssutforminga mellom fv. 245 og Refskar som dårleg, både horisontalt og vertikalt. Dette gir dårlege siktilhøve og redusert tryggleik for trafikantane både på fylkesvegen og den kommunale vegen. Etter vårt syn bør det settast krav om ei meir trafikksikker kryssutforming før ein aukar trafikken på sidevegen Refskar.

Statens vegvesen ber om at Meland kommune tek omsyn til tilhøva i krysset mellom kommunal veg og fylkesveg når dei handsamer saka.

Planstatus

I kommuneplanen sin arealdel ligg området for omsøkt frådeling innanfor areal avsett til framtidige/eksisterande fritidsbustad, F_1. Føremålet er difor i tråd med kommuneplanen sin arealdel. Etter KPA § 1.2.1 er det krav om reguleringsplan før løyve til tiltak etter pbl. §§ 20-1 og 20-2 vert tillate i områder avsett til m.a. framtidig bygg og anlegg og noverande

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

fritidsbustad. Ved fortetting kan det gjevast fritak, jf. KPA § 2.1.1, for eit avgrensa tal einingar.

Vår vurdering

Etter vårt syn er det potensial for fleire einingar enn omsøkt innanfor område F_1. Dette bør kommunen ta omsyn til ved vurderinga, for å sikre heilskapelege løysingar. Etter vårt syn kan dette best løysast ved reguleringsplan for området, og vi vil rå til at kommunen ikkje gir dispensasjon frå plankravet.

Meland kommune bør sikre at geometrien i krysset mellom fv. 245 og Refskar vert betra før ein tillèt auka bruk. Dette kan òg løysast ved reguleringsplan.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Marianne Skulstad
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.